

LITURGISK MUSIKKUTVAL

Protokoll 1/2015

Tid: Måndag 5. januar kl. 11-19 og tysdag 6. januar kl. 09-15.

Stad: Elverum. Generalgården, Elverum kyrkje og Hernes kyrkje.

Til stades: Hans Olav Baden, Jan Terje Christoffersen, Thröstur Eiriksson (leiar), Ole Andreas Fevang, Karin Nelson, Kristin Vold Nese, Knut Størdal.

Frå sekretariatet: Hans Arne Akerø (sak 01/15, 02/15 og 03/15, starten på sak 04/15), Hildegunn Opstad Smørgrav (referent).

Møtet måndag 05.01 opna med velkomst og innleiing ved leiar Thröstur Eiriksson. Tysdag 06.01 opna med Morgonsang i Hernes kyrkje.

Sak LMU 01/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksdokument:

- Innkalling i e-post og brev sendt 30.12.14
- Sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent med følgjande merknader:

Ein grunnleggjande intensjon med møtet er at LMU skal spele og syngje seg gjennom materialet, men det kjem ikkje fram av saklista. Tittel i sak Sak LMU 04/15 endrast difor til *Drøfting av arbeidsmåte, gjennomgang av liturgisk musikk frå permens*.

Både arbeidsmåte og prinsipielle retningslinjer er saker vi vil komme tilbake til undervegs i møtet, og ei veksling mellom gjennomgang av materialet og diskusjon om prinsipp er sakssvarande. Det er difor tenleg å arbeide parallelt med sakene 04/15 og 05/15.

Sak LMU 02/15 Opgåver og rammer

Saksdokument:

- Notatet *Opgåver og rammer for liturgisk musikkutval (LMU)*, sendt som vedlegg til innkalling og sakliste
- KR 60/14 Gudstjenestereformen –prosess og evaluering
- KR 31/14 Utprøving av liturgisk musikk

- E-brevet frå Kyrkjerådet, 4. desember 2013 *Veiledning om bruken av liturgisk musikk*

Vedtak: Orienteringa vert teken til vitande.

Sak LMU 03/15 Medlemmene sine erfaringar med utprøving av liturgisk musikk

Munnlege orienteringar om den enkelte sine erfaringane sine med utprøving av liturgisk musikk. Alle som var tilstades fekk tre minutt til disposisjon.

Vedtak: Orienteringane vert tekne til vitande.

Sak LMU 04/15 Drøfting av arbeidsmåte, gjennomgang av liturgisk musikk frå permen

LMU spelte og sang seg gjennom ein del av musikken i permens *Liturgisk musikk for Den norske kyrkja* (2011). Utvalet drøfta undervegs ulike sider ved den liturgiske musikken, og korleis ein skal forstå omgrepene *valserie*, og omgrepene *normalserie* eller *hovudserie*. Korleis LMU skal stille seg til omgrepa *høgmesse* og *hovudgudsteneste* i vurderinga av liturgisk musikk, var òg eit spørsmål som kom opp.

Vedtak:

1. I løpet av dette og dei neste møtene vil LMU synge og spele seg gjennom *heile* materialet som er representert i permens, og diskutere undervegs. LMU vil òg ta stilling til kva status anna musikk skal ha, til dømes seriar av lokale komponistar og kyrkjemusikarar. LMU er opne for å vurdere musikk «som har utmerka seg ved særskilde kvalitetar», jfr. notatet *Oppgåver og rammer for liturgisk musikkutval (LMU)*.
2. I diskusjonane så langt, ligg det an til at LMU vil ha *få* seriar i kategorien hovudseriar. Korleis LMU forstår omgrepet *valserie* er førebels uavklart, jfr. sak 05/15 Prinsipielle retningslinjer.
3. LMU vedtok einstemmig at heile eller store delar av 1977-musikken vert med vidare, og vil foreslå denne musikken inn i det som kjem til å utgjere *normalseriar / hovudseriar*.
4. LMU registrerer at det er lagt opp til ein *open prosess* rundt arbeidet med liturgisk musikk våren 2015. Merknader til dette:
 - LMU rår til at sekretariatet snarast sender ut spørsmål og hentar inn erfaringar frå sokna, helst direkte frå kyrkjemusikarane. Sjå sak 06/15 Innhenting av erfaring frå sokna.
 - LMU er førebels på eit tidleg stadium i prosessen, og ønskjer ikkje binde seg for tidleg til konklusjonar ein seinare kan kome til å gå tilbake på, eller å skape misforståingar.
 - LMU vil undervegs i prosessen leggje ut noko informasjon om arbeidet. Dette kan til dømes innebere å leggje ut protokollen eller andre relevante dokument i

saka, på www.kyrkja.no. Leiar i utvalet og sekretariatet finn fram til kva som er tenleg å leggje ope ut etter første møte.

5. LMU ber sekretariatet avklare korleis utvalet skal stille seg til omgrepene høgmesse og hovudgudsteneste.

Sak LMU 05/15 Prinsipielle retningslinjer

Vedtak:

Så langt har LMU kome fram til nokre prinsipielle retningslinjer, som vert med i det vidare arbeidet:

1. LMU sluttar seg til prinsipp som mellom anna er nedfelt i føreordet til permens med liturgisk musikk. Kjenneteikn ved den liturgiske musikken som skal nyttast i dei fleste sokn, ofte og over tid, er at den *1) ligg godt til rette for felles sang i forsamling 2) har tekst og musikk som er nært knytte saman 3) har slitestyrke*.
2. Omgrepene *valserie* og *normalserie* har vore nemnt i fleire saksframstillingar om liturgisk musikk, og har vore nytta både i permens med liturgisk musikk, så vel som hos Nemnd for gudstenesteliv, i Kyrkjerådet og i Kyrkjemøtet. Då desse omgrepene ikkje er formelt vedtekte, vil LMU førebels stille seg opne for at ein kan bruke anten desse eller andre omgrep. I det følgjande vil omgrepet *hovudserie* nyttast om det som vert kalla *normalserie* i tidlegare saksframstillingar.
3. LMU ser for seg ei sortering av materialet, der nokre få seriar av ordinariemusikk får status som *hovudseriar*. LMU foreslår at hovudseriane til saman utgjer det materialet som *til vanleg* vert nytta i alle sokn i Den norske kyrkja. Dette for å skape større grad av einskap og attkjennung. Konklusjonane i forskningsrapporten *Noe falt i god jord* underbyggjer denne løysinga.
4. LMU stiller seg positiv til å kunne variere den liturgiske musikken i høve kyrkjeåret, og vil drøfte dette momentet vidare.
5. LMU vil at det i tillegg til hovudseriane skal finnast *valseriar*, som opnar for variasjon av den liturgiske musikken. Valseriane kan omfatte musikk til spesielle gudstenester, som til dømes temagudstjenester.
6. Førebels er det eit ope spørsmål om LMU vil foreslå konkrete seriar som skal utgjere eit sett med valseriar. Alternativet er at alt det som ikkje utgjer hovudseriane til saman vil utgjere eit materiale som kan velgjast til enkelte gudstenester.
7. Antall seriar som skal utgjere *hovudseriane* og *valseriane* er førebels uavklart. Dette kjem LMU tilbake til når vi har gått gjennom alt materialet, og reknar med at svaret vil avteikne seg etterkvart.
8. LMU ser for seg at *hovudseriane* vert gjevne ut i ei trykksak.

9. Når den liturgiske musikken skal trykkast og gjevast ut, er det avgjerande at det grafiske oppsettet er oversiktleg, og gjer det enkelt å orientere seg i materialet. LMU vil vurdere om det er behov for alternative toneartar på messemelodiane, eller om dette kan sløyfast for å minke materialomfanget, og slik få ein meir oversiktleg publikasjon.

Sak LMU 06/15 Innhenting av erfaringar frå sokna

Jan Terje og Hildegunn har på førehand utarbeidd eit utkast til det spørjeskjemaet som om kort tid vert lagt ut på www.kyrkja.no.

Vedtak:

Forslag til spørsmålsstillingar delt ut i møtet. Medlemmene i utvalet responderer på dette pr. mail eller telefon, innan fredag 9. januar, slik at spørsmåla kan leggjast ut på internett.

Utvalet ser det som viktig at dei kyrkjemusikarane som har høve til å svare, nyttar denne mulegheita til å bringe inn erfaringar og synspunkt som gjeld utprøvinga av liturgisk musikk. LMU ber difor sekretariatet ta kontakt med Musikernes fellesorganisasjon, for slik å gjere innhentinga av erfaringar kjent for flest muleg av kyrkjemusikarane i landet.

Sak LMU 07/15 Møteplan våren 2015

Vedtak:

Dei neste møtene i LMU finn stad i Oslo-området:

- måndag 23.- tysdag 24. februar. Møtet startar måndag kl. 10.
- måndag 16.- tysdag 17. mars
- onsdag 29. april
- måndag 1.- tysdag 2. juni